

Strandsoneplanen tek tak i desse problemstillingane og opnar for større grad av lokal avgjerd av byggesaker innafor definerte rammer; jf. vedtekter og retningslinjer.

Tiltak i strandsona

Inntil og i nærleiken av vassdraget er det ei rekke inngrep og tiltak som alt er gjennomført i sona med byggegrenser; jf. kommuneplanen og etablerte reguleringsplanar.

Nokre av tiltaka er av gamal årgang og såleis etablert før det var regulering via lovverk.

Andre tiltak kan vere klarerte i tidlegare tider under mindre restriktivt lovverk, medan det også finst enkelte tiltak og byggverk som er utført utan naudsynt godkjenning.

I den grad prosessen med strandsoneplanen avdekkjer bygg eller tiltak som kan reknast som ulovlege, skal det følgjast opp i særskilt sak jf. plan- og bygningsloven (pbl).

Når det gjeld brygger og liknande i strandsona, peikar planen på mogelege fellestiltak.

Felles bryggeanlegg for dei fastbuande og hytteområda kan gjerne kombinerast med offentlege friområde, badeplassar og fiskeplassar. Strandsoneplanen skal ha eit langsiktig perspektiv og legge til rette for allmenta, i eit godt samspel med grunneigarane og dei fastbuande.

Det skal vere mogeleg å ta i bruk dei vakre områda ved fjorden til utvikling og utbygging i ein berekraftig balanse med naturomsyn og naturvern.

Regulering i vassdraget - estetikk, fisk og krypsivproblematikk

Høgaste regulerte vasstand (HRV) for Byglandsfjorden er kote 203,0 m.o.h. (meter over havet)

Lågaste regulerte vasstand (LRV) er 198,0 m.o.h.

Lågaste regulerte sommarvasstand er 202,0 m.o.h. (etter vårflaumen - til 1. september).

Det er mange naturlege sandstrender langs vassdraget som vert nytta til bading og friluftsliv. Sommarvasstanden i Byglandsfjorden bør av den grunn ikkje vere for høg, slik at strendene kjem under vatn.

Manøvreringsreglementet gjev høve til at sommarvasstanden kan pendle 1,0 meter mellom kote 202,0–203,0. Av omsyn til strendene og det generelle estetiske landskapsinntrykket bør sommarvasstanden haldast på den lågaste halvmeteren; dvs. mellom kote 202,0-202,5.

På denne bakgrunnen tilrår Bygland kommune at regulanten Otteraaens Brugseierforening (OB) lyt halde **sommarvasstanden i Byglandsfjorden på kote 202,3** så sant det let seg gjere utifrå nedbør/avrenning og vassføring i Otravassdraget.

I gytetida for bleka har lågaste vasstand dei seinare år vore fastsett til kote 200,5 i perioden mellom 20. november-20. desember. Mykje nedbør og haustflaumar vil kunne føre til at dette ikkje er mogeleg å etterkome. Men den vasstanden som vert registrert i denne perioden (kvart enkelt år), skal ikkje underskridast i tida fram mot klekking av blekerogn (mai/juni) for å unngå at rogn skal bli turrlagd.

Etter råd frå Blekeprosjektet (UiB) vert det f.t. gjort forsøk med vasstand på kote 201,5 i gytetida. Ein vil med dette finne ut om fleire gyteområde på grunnare vatn kjem i bruk.

NVE har gjeve løyve til dette, og forsøket vert evaluert i 2013.

Etter ny kunnskap er gytetida no definert som heile desember månad.